

## LAUSHUNDKURS I VÅGÅ.

Jan Skogen og Pål Vesterås heldt kurs i bruk og opplæring av laushund på Frivillighetsentralen i Vågå 24. januar. Kurset er basert på egne erfaringer, og er difor ingen fasit på emnet.

Både Jan og Pål er erfarne jegerar og har dreve jakt med laushund i snart 50 år. Begge kjem dei frå deler av landet der det har vore vanleg å jakte på elg med laushund, og var av dei første som tok i bruk denne type jakt i Ottadalen.

Det er såleis av stor verdi for andre medlemmar i klubben å få gjere seg nytte av dei kunnskapane desse to set inne med. Den første tida var det mange som var skeptiske og uenige i at slik jakt vart drive, men etter kvart som andre jaktlag såg kor mange dyr som vart felte på denne måten, vart jaktmetoden meir og meir akseptert og teken i bruk. I dag jaktar dei fleste jaktlaga i området på denne måten. Det er for det meste grå elghund som vert nytta til laushund, men òg ein del Jæmthund.

Etter som hjorten har spreidd seg austover har ein erfart at slik jakt er effektivt også på dette viltet. Det er difor ein god del jaktlag på vestlandet som no har funne ut at dette er ein spennande og effektiv måte å jakte på. Hjorten er ikkje like enkel å få til å stå for hunden, men i dei stadig tettare og igjengrodde liene på vestlandet er det ofte vanskeleg å få fram hjorten utan hund.

Det er nok behov for slike kurs også på vestlandet.

På kurset tok Jan og Pål føre seg tema som:

**Avlsmetodar - Val av kvalp - Grunnnessur - Sporing**

**Skogstilvenning - Slipp i elgterreng – Ettersøk - Jaktprøve**

På kurset deltok det 9 personar, frå Nord Fron i aust til Svelgen i vest.

Kurset består òg av ein praktisk del som vert i slutten av august når det er lov å sleppe hunden.

Styret takkar kurshaldarane for eit intressant og godt kurs.

Bilder frå kurset:



Framme frå venstre: Åse Leirgulen, Olve Steinset, Morten Hovden, Bjørn Tore Andersen og Ole Petter Lindsø.

Bak frå venstre: Bjørn Andrè Lusæter, Leif Olsen, Kari Ramen og Per Inge Solvang (bak kamera)



Jan Skogen



Pål Vesterås



Frivillighetsentralen er ein glimrande plass for slike kurs. Takk til Vågå Kommune!